

VARETEKT

I. INNLEIING

Rundskrivet her er ein revisjon av riksadvokaten sitt rundskriv nr. 5/2002 av 15. november 2002 som no vert oppheva. Dei fleste direktiva i det tidlegare rundskrivet vert tekne oppatt. Dei nye retningslinene knyter seg i fyrste rekkje til endringa av straffeprosesslova § 183 fyrste leden og dei nye reglane om utvida frist for framstilling for retten. Ein gjev og nokre direktiv i samband med dei nye reglane om oppnemning av forsvarar i påtaleinstruksen kapittel 9 A. Rundskrivet inneheld og tillegg og presiseringar som er naudsynte av omsyn til rettsutviklinga og den kritikken som Europarådet sin Torturovervakingskomité (CPT) har retta mot einskilde sider av norsk varetektspraksis i melding av 28. mars 2006 frå besøk i Noreg primo oktober 2005.

Dei viktigaste nye reglane som er sette i verk etter rundskrivet frå 2002, er:

- ∞ Ved lov av 28. juni 2002 nr. 55 vart det mellom anna gjort endringar i straffeprosesslova § 183 fyrste leden slik at fristen for å framstille den sikta for varetektsfengsling er ”den tredje dagen etter pågripelsen”. Også § 98 om den sikta sin rett til advokat ved pågriping og §§ 102 fyrste leden og 103 andre leden fyrste punktum om oppnemning av forsvarar vart endra. Endringane vart gjort gjeldande frå 1. juli 2006. Førearbeida til desse lovendringane er Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) og Innst. O. nr. 68 (2001-2002).
- ∞ Frå 1. juli 2006 vart nytt kapittel 9 A i påtaleinstruksen gjort gjeldande. Kapitlet omhandlar oppnemning av forsvarar etter straffeprosesslova § 102.
- ∞ Forskrift av 30. juni 2006 nr. 749 om bruk av politiarrest vart også gjort gjeldande frå 1. juli 2006. Forskrifta gjeld uavhengig av kva for ein heimel som er nytta for bruken av politiarrest, og inneheld mellom anna reglar om tilsyn med dei innsette, overføring frå politiarrest til fengsel, og om tilsyn og rapportering. I samband med forskrifta om bruk av politiarrest, vart det samtidig gjort endringar i politiiinstruksen, mellom anna i § 9-2 om rett for dei innsette til å varsle pårørande, advokat eller andre (til dømes arbeidsgjevar) om at dei er pågripne. Samstundes er reglane i politiiinstruksen § 9-4 og § 9-6 ført over til forskrifta om politiarrest. Ein viser og til rundskriv frå Politidirektoratet 2006/014 om bruk av politiarrest.

II. GENERELT OM BRUK AV VARETEKT

Bruk av fengsel før straffskuld er fastslått av ein domstol er eit svært alvorleg inngrep og skal berre nyttast når det er naudsynt for effektivt å hindre kriminalitet.

Påtalemakta må nøye vurdere om varetekt er naudsynt, og eventuelt for kor lenge. I førearbeida er det understreka at fristen på fire veker i straffeprosesslova § 185 er ein ”lengstefrist for normaltillfellene. ... Fristen skal settes til 4 uker bare hvis forholdene i den konkrete saken tilsier det. Den skal ikke settes til 4 uker mer eller mindre automatisk”.

(Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 40, sjå også Innst. O. nr. 68 (2001-2002) side 5.) Dette gjeld sjølvstilt tilsvarende for krav frå påtalemakta om fengsling. Utan omsyn til den fengslingsfristen som retten har fastsett, skal den sikta setjast fri straks behovet for varetekt ikkje lenger er til stades, eller er redusert så mykje at ein ikkje kan rekne med at retten ville godta vidare fengsling dersom spørsmålet hadde vorte prøva.

Varetekt og restriksjonar i samband med varetekt skal ikkje i noko høve nyttast som press for å få den sikta til å forklare seg eller til å forklare seg i ein særskild retning, eller for å få han til å samarbeide på anna vis. Det same gjeld sjølvstilt ved pågriping og innsetjing i politiarrest. Det er til dømes ikkje lov å nytte pågriping og politiarrest for å få ein sikta til å vedta eit førelegg. Det som her er sagt, gjeld absolutt og utan unntak. Brot på desse prinsippa kan lett vera i strid med straffelova § 325 fyrste leden nr. 1 om grov aktløyse i tenesta, eller straffelova § 324 om forsettleg pliktbrot, eller andre straffebod.

Politimeistaren og den ansvarlege politijuristen har eit særleg ansvar for å kontrollere at varetekt og restriksjonar, pågriping og bruk av politiarrest i samband med etterforskinga, berre vert bruka i samsvar med dette rundskrivet. Også statsadvokaten må, i samband med inspeksjon av politidistriktet eller på annan måte, sikre seg at distriktet etterlever desse påboda, og at det har ein effektiv internkontroll for å sikre at det ikkje skjer brot på direktiva. Det må gå fram av inspeksjonsrapporten frå statsadvokaten at slik kontroll har funne stad. Mottek statsadvokaten opplysningar om at det ligg føre brot på desse påboda, skal han straks undersøkje saka.

III. UTVIDA FRIST FOR FRAMSTILLING – RETT TIL ADVOKAT M V

1. Utvida frist for framstilling – straffeprosesslova § 183 fyrste leden, fyrste punktum

Fristen for å framstille sikta for fengsling er no ”senest den tredje dagen etter pågripelsen”, jf. straffeprosesslova § 183 fyrste leden fyrste punktum. Viktige føresetnader for lovendinga er at den totale bruken av varetekt og politiarrest i samband med etterforskinga skal gå ned og at bruken av politiarrest ikkje skal auke, sjå Ot.prp. nr. 66 (2001 – 2002) side 6 og 21 – 23. Den utvida fristen for framstilling vil særleg kunne minske behovet for varetekt i saker der det er fare for tap av bevis. Påtalemakta skal arbeide aktivt og målretta for at desse føresetnadene vert oppfylde. Den utvida fristen skal berre nyttast når det er naudsynt av omsyn til ei effektiv etterforsking. Ein viser særleg til spesialmerknadane til § 183 i Ot.prp. nr. 66 (2001 – 2002), side 133:

”Belastningen for den siktede må også tas i betraktning. Selv om det isolert sett er grunnlag for å vente med framstilling til den tredje dagen, bør framstilling skje før dersom den siktede ellers vil bli holdt lenger i politiarrest enn han ville ha blitt etter gjeldende rett ...”

Etter § 3-1 i forskrifta om bruk av politiarrest skal den pågripne førast over frå politiarrest til fengsel innan to døgn etter innsetjinga, med mindre praktiske tilhøve gjer dette umogleg. Dette er ei kodifisering av dei retningslinene som gjaldt før forskrifta vart sett i verk.

Fristen for framstilling er den tredje dagen etter pågripinga og vert difor vesentleg kortare om den sikta er pågripen kort tid før midnatt enn om dette skjer rett etter dette klokkeslettet. Lov om domstolane § 149 gjeld ikkje ved utrekninga av fristen, jf. straffeprosesslova § 183 fyrste ledd. Det har difor ikkje noko å seie om fristen går ut på ein laurdag eller ein heilagdag. Fristen er med andre ord absolutt.

2. Oppnemning av advokat for den sikta

I samband med endringane i straffeprosesslova § 183 fyrste leden, vert det og gjort endringar i straffeprosesslova § 98 fyrste leden om oppnemning av forsvarar for den pågripne. Etter desse reglane skal det – så vidt mogleg – oppnemnast forsvarar når det er klårt at den pågripne ikkje kjem til å bli sett fri innan 24 timar etter at han var pågripen. Det er og gjort endringar i §§ 102 og 103. Etter § 102 fyrste leden er hovudregelen at det er retten som skal oppnemne forsvarar, men påtalemakta kan og oppnemne forsvarar etter føresegnene i § 98. I spesialmerknadane til § 98 i Ot.prp. nr. 66 (2001 – 2002) side 132 heiter det:

”Mange personer som er pågrepet, blir løslatt etter kort tid, for eksempel fordi de er sjekket ut av saken. Da vil retten til offentlig forsvarer ikke inntre. Retten inntreer først når det er klart at pågripelsen vil vare i mer enn 24 timer. Retten til forsvarer inntreer senest når 24 timer er gått og den siktede ikke er løslatt. - Lovforslaget berører ikke retten til å ha privat forsvarer på ethvert trinn av saken, jf straffeprosessloven § 94.

Forsvarer skal oppnevnes *straks* det er klart at den pågripne vil bli holdt i mer enn 24 timer. Departementet forutsetter at det etableres vaktordninger som gjør det mulig å oppnevne forsvarere til enhver tid. Likevel må det godtas at det tar noe lenger tid å skaffe forsvarere utenfor alminnelig arbeidstid enn midt i arbeidstiden.

Retten til offentlig forsvarer gjelder ”så vidt mulig”. Reservasjonen skal forstås på samme måte som det tilsvarende unntaket i gjeldende første ledd (annet ledd etter utkastet).”

Plikta til å oppnemne forsvarar gjeld altså alt når det er klårt at den pågripne ikkje vil bli sett fri innan 24 timar. Er dette klårt allereie når pågripinga skjer, skal det straks oppnemnast forsvarar for den sikta. Det skal vera notoritet over dette slik at ein i ettertid kan kontrollera at påtalemakta har gått rett fram. Forsvarar skal oppnemnast ”så vidt mogleg”. Dette skal praktiserast strengt. Er det ikkje mogleg å oppnemne forsvarar, skal grunnen til dette nedteiknas i saksdokumenta.

Det er gjeve utfyllande føresegner om oppnemning av forsvarar i nytt kapittel 9A i påtaleinstruksen. Den sikta må spørjast om han ynskjer forsvarar, og om han ynskjer ein bestemt advokat (§ 9A-1 andre leden). Det er påtalemakta sitt ansvar å avklare om det er retten eller påtalemakta som skal oppnemne forsvarar (§ 9A-2 fyrste leden). Hovudregelen er at det er retten som skal oppnemne, med mindre dette ikkje er praktisk mogleg (§ 9A-2 andre leden). Må påtalemakta stå for oppnemninga, skal den sende melding til retten om dette (§ 9A-6). Det er og gjeve føresegner om rett til å velje forsvarar, om kven som skal oppnemnast dersom den advokaten som den pågripne har valt ikkje er tilgjengeleg, og om kor lenge oppnemninga skal gjelde (§§ 9A-3, 9A-4 og 9A-5).

3. Kontroll

Politimeistaren, den ansvarlege politijuristen, og statsadvokatane må syte for at alle rettar seg etter dei reglane og direktiva som er omtala i punkt III 1 og 2 ovanfor. Dette må og sikrast ved internkontroll og inspeksjon frå statsadvokatane.

IV. BRUK AV POLITIARREST

Den som er varetektsfengsla, bør så langt råd er ikkje plasserast i politiarrest. Alle ledd i påtalemakta har eit ansvar for at politiarrest vert nytta så lite som mogleg.

Ein må særleg vise varsemd med å nytte politiarrest i samband med hovudforhandlingar sidan dette kan gjere det vanskelig for tiltalte å forsvare seg, jf. EMK artikkel 6 og prinsippet om ”fair trial”. I Rt. 2006 s. 856 kom Høgsterett til at bruk av politiarrest i samband med ei

kortvarig hovudforhandling ikkje var ein feil ved sakshandsaminga, og heller ikkje eit brot på prinsippet om rettferdig rettargang. Det er likevel klårt at langvarig bruk av politiarrest under dårlege tilhøve, kan verte sett på som eit brot på til dømes føresegnene i straffeprosesslova § 280, jf. EMK artikkel 6. Er det unntaksvis naudsynt å nytte politiarrest for å gjennomføre hovudforhandlinga, må dette gjerast så kort som mogleg. Påtalemakta skal og, i eit særskild dokument som leggjast i saka, skriftleg gjera greie for kvifor politiarrest ikkje var til å unngå.

Ein minner også om § 4-2 i forskrifta om politiarrest som fastset: ”Politidirektoratet og lokal statsadvokat (tilsynsutvalget) skal føre tilsyn med politiarrestene”.

V. RETTSHANDHEVINGSARREST

Påtalemakta bør vurdere å krevje fengsling etter § 172 dersom det støyter mot rettskjensla hjå folk om den sikta ikkje vert fengsla. Det er samfunnet sitt behov som må stå sentralt ved krav om fengsling etter straffeprosesslova § 172, jf. bl.a. Rt. 1996 s. 1032, Rt. 1997 s. 1739, Rt. 2001 s. 940, Rt. 2002 s. 315 og orskurd frå Høgsteretts kjæremålsutval av 12. desember 2006. Det er viktig at påtalemakta gjer sitt til å oppretthalde sosial ro ved å krevje varetektsfengsling i slike høve. Utvidinga av straffeprosesslova § 172 (ved lov av 2. mars 2001 nr. 7) slik at lova også omfattar brotsverk mot straffelova § 228 andre ledd andre straffealternativ, jf. § 232, § 229 andre straffealternativ, jf. § 232 og § 229 tredje straffealternativ, har gjort det mogleg å ta omsyn til dette på ein betre måte.

VI. ISOLASJON OG ANDRE RESTRIKSJONAR UNDER VARETEKT

1. Generelt om bruk av restriksjonar

Restriksjonar skal berre krevjast når det er naudsynt av omsyn til etterforskinga. Det må vurderast om den sikta - trass i fengslinga - kan øydeleggje bevis, kor sannsynleg dette er og kva konsekvensar dette eventuelt vil få.

Det skal ikkje krevjast eller oppretthaldast fleire, eller meir omfattande, restriksjonar enn det som er strengt naudsynt. Ein kan til dømes ikkje bruke restriksjonar for å auke den siktas ”samarbeidsvilje”, ”øke konsentrasjonen om saken” eller liknande.

Politiet og påtalemakta må syte for at etterforskinga vert innretta slik at perioden med restriksjonar vert så kort som mogleg. Den ansvarlege politijuristen må heile tida vurdere om det er naudsynt å oppretthalde restriksjonane, også innanfor den tidsfristen som er fastsett av retten. Når det ikkje lenger er fare for at bevis kan verte øydelagde, skal restriksjonane opphøyre.

Restriksjonar må så langt råd praktiserast fleksibelt, og berre brukast for å hindre at bevis vert øydelagde.

2. Isolasjon

Ved lov av 28. juni 2002 nr. 55 vart det gjeve detaljerte reglar om bruk av isolasjon under varetektsfengsling, sjå ny § 186a og endringar i § 186 andre ledd. Ein viser til sluttrapport frå Arbeidsgruppe I av 20. juni 2001 side 95 flg. og Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 41 flg. og side 134-136 for nærare orientering om desse reglane.

Å halde den fengsla borte frå fellesskap med andre innsette (fullstendig isolasjon), jf. § 186a, er eit svært inngripande tiltak og må nyttast med stor varsemd.

Delvis isolasjon, jf. § 186 andre ledd, bør alltid vurderast som eit alternativ til fullstendig isolasjon, eventuelt i kombinasjon med besøksforbod eller besøkskontroll. Ein skal opplyse

kven av dei innsette den sikta ikkje skal ha samvær med. Til dømes kan ein bestemme at den fengsla ikkje har høve til samvær med medsikta. Dette vil likevel ikkje alltid vere nok til å hindre at bevis vert øydelagde. Eit alternativ kan difor vera å seie uttrykkeleg kven den sikta kan ha samvær med, i staden for å bestemme kven han ikkje skal ha høve til å ha kontakt med, jf. Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 134 andre spalte. Dette må truleg også kunne nyttast dersom retten overlet til påtalemakta å avgjere kven av dei innsette den fengsla ikkje kan ha samvær med, jf. § 186 andre leden siste punktum.

3. Brev- og besøksforbod m.m.

Sjølv om det er sett forbod etter straffeprosesslova § 186 andre leden, kan påtalemakta samtykke i besøk og mottak av brev eller liknande, eventuelt under kontroll av politiet. Særleg når den sikta ikkje har høve til samvær med andre innsette, fullstendig eller delvis, må det nøye vurderast å tillate besøk.

Dersom kontroll er tilstrekkeleg, skal det ikkje krevjast forbod. Når retten fastset kontroll, er utgangspunktet at den sikta skal ha same høve til besøk og brevveksling som andre varetektsinnsette, men politiet kan kontrollere besøket og korrespondansen.

4. Grunngeving av krav om restriksjonar

Etter ei tilføyning i straffeprosesslova § 186 tredje leden ved lov av 2. mars 2001 nr. 7, jf. tilføyning i same regel ved lov av 28. juni 2002 nr. 55, jf. § 186a siste leden vedtatt i same lov, skal dommaren opplyse om på kva måte etterforskinga vil verte skadelidande om den fengsla ikkje får forbod eller vert halden under kontroll eller i isolasjon.

Påtalemakta må gje utfyllande opplysningar om dei skadeverknader som, trass i at den sikta er varetektsfengsla, kan oppstå om restriksjonar ikkje vert fastsett. I riksadvokaten sin publikasjon nr. 1/2003 "Restriksjoner ved varetekt – undersøkelse av praksis første halvår 2002", er det konkludert med at kravet om særskilt grunngeving ikkje er godt nok følgt opp i praksis. Berre i 17 % av dei undersøkte sakene var krava til grunngeving tilfredsstilt. Dette kan ikkje akseptierast. Politimestaren, den ansvarlege politijuristen, og statsadvokatane har eit særleg ansvar for å kontrollere at krava vert etterlevde.

5. Varetektsfrådrag

Ved fullstendig isolasjon skal det gjevast eit ekstra varetektsfrådrag "som svarer til en dag for hvert påbegynte tidsrom av 2 døgn", jf. straffelova § 60 fyrste leden andre punktum. Bakgrunnen for regelen går fram av Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 54 flg. og side 130. Aktor må opplyse retten om den sikta har vore i varetekt i fullstendig isolasjon, og i tilfelle kor lenge.

Det følgjer av Rt. 2005 s. 1718 og Rt. 2005 s. 1724 at og kortvarig isolasjon gjev ekstra varetektsfrådrag. I ei avgjerd i Rt. 2005 s. 1718 heiter det til dømes at "en times frihetsberøvelse i fullstendig isolasjon gir to dager varetektsfradrag" (avsnitt 10).

Det vert ikkje gjeve ekstra frådrag ved delvis isolasjon, men det kan i straffutmålinga takast omsyn til at den sikta har vore i delvis isolasjon, jf. Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 56 andre spalte. Sjå også Rt. 2002 side 640 der domfelte fekk "en viss reduksjon i straffen på grunn av varetekten, som må ha vært en påkjenning". Aktor skal opplyse retten om det er nytta restriksjonar når den tiltalte har vore varetektsfengsla, og i så fall kor lenge.

VII. OPPLYSNING OM NÅR SAKA ER VENTA FERDIG ETTERFORSKA

Etter straffeprosesslova § 185 andre leden skal påtalemakta gjere kort greie for den etterforskinga som er gjort sidan siste rettsmøte og kva for etterforskingsskritt som står att, slik at retten ”får best mulig grunnlag for å føre kontroll med fremdriften i etterforskingen”, jf. Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 40.

Påtalemakta skal alltid ta inn opplysningar om den etterforskinga som er gjort sidan siste fengslingsmøte, gje ei oversikt over kva som står att og opplyse når ein reknar med at saka er ferdig etterforska, jf. straffeprosesslova § 185 andre leden fyrste punktum. Er det ikkje gjort noko etterforsking etter siste rettsmøte, til dømes fordi saka er ferdig etterforska og grunnlaget for fengsling er unndragings- eller gjentakingsfare, skal dette gjerast kjent saman med opplysning om når hovudforhandling venteleg kan holdast.

VIII. INNSENDING AV KRAV OM FENGLING OG DOKUMENT TIL RETTEN FØR FENGLINGSMØTET

Arbeidsgruppe II i ”Prosjekt raskere straffesaksbehandling” understreka i sluttrapporten at retten må ha nok opplysningar til å kunne vurdere om det er tilfredsstillande framdrift i saka. Gruppa uttalte m.a. (side 91):

”Med mindre det dreier seg om enkle, oversiktlige saker kan det muligens være hensiktsmessig at forlengelsesbegjæringer blir inngitt allerede 2-3 dager forut for fengslingsmøtet, samtidig med at saksdokumentene, gjerne i form av en kopisak, blir oversendt.”

Arbeidsgruppe I uttalte i sin sluttrapport (s. 100) at den var samd i dette og la til grunn at riksadvokaten burde gje nødvendig instruks. Også departementet slutta seg til dette, jf. Ot. prp. nr. 66 (2001-2002) side 41.

Riksadvokaten har difor fastsett at påtalemakta ved krav om forlenga fengsling til vanleg skal sende fengslingskrav og saksdokument, i original eller kopi, til retten to dagar før fengslingsmøtet. Ein tilrår kontakt med domstolane i distriktet for eventuell nærare avtale om kva for rutiner som bør følgjast.

IX. MELDING TIL PÅRØRANDE OG ADVOKAT OM PÅGRIPING

Etter å ha hatt samtaler med innsette i varetekt under vitjinga i Noreg i oktober 2005, har Torturovervakingskomiteen i Europarådet teke opp att kritikken om at innsette ikkje skal ha fått høve til å varsle pårørande, arbeidsgjevar eller andre slik som bestemt i tidligare brev og rundskriv frå riksadvokaten, jf. nærmare nedanfor under 1 og 2. Komiteen har og fått inntrykk av at ikkje alle har fått høve til å kontakte advokat slik dei skal. Riksadvokaten skjerpar inn at desse reglane *skal* følgjast. Brot vil ikkje bli akseptert. På enkelte punkt har riksadvokaten fastsett strengare reglar, sjå nærmare nedanfor under 1 og 2.

1. Melding til pårørande

- a) Den sikta skal spørjast om han ynskjer at husstanden hans, eller ein annan person han peiker ut, skal gjevast melding om pågripinga. Det skal i så fall gjevast melding snarast mogleg og til vanleg seinast 2 timar etter at den sikta er tatt inn til politistasjon eller lensmannskontor.

Det skal ikkje gjevast melding når den pågripne er over 18 år og ikkje ynskjer det, med mindre særlege grunnar taler for det.

- b) Ein kan la vera å gje melding når det er grunn til å tru at det vil vere til vesentleg skade for etterforskinga, jf. straffeprosesslova § 182 andre leden. Politimeistrane må syte for gode rutiner slik at dei som avgjer om det skal varslast, også har naudsynt kunnskap for å vurdere om ein av omsyn til etterforskinga kan la vera å melde frå.

Avgjerda om ikkje å varsle skal så vidt mogleg treffast av den som har påtaleansvaret for saka eller av den politijuristen som har jourteneste. Er det ikkje mogleg, skal den ansvarlege for arresten eller ein annan erfaren tenestemann treffe avgjerda.

I vurderinga av om ein skal la vera å melde frå av omsyn til etterforskinga, bør det m.a. takast omsyn til:

Kor stor fare det er for at bevis vert øydelagde:

I denne vurderinga må ein også ta omsyn til kor stor faren er for at bevis kan verte øydelagde om ein melder frå til den pågripne sin husstand eller til ein annan utpeika person.

Behovet for å gje melding:

I utgangspunktet skal det meir til for å la vera å melde frå til den pågripne sin ektefelle, sambuar, foreldre eller andre han bur saman med, enn til ein utanforståande han peikar ut.

Alder og andre personlege forhold hjå den sikta:

Vert personar under 18 år pågripne, må det vera særlege grunnar for ikkje å melde frå. For ungdom over 18 år som bur hjå foreldra eller andre omsorgspersonar, skal det også mykje til for ikkje å melde frå. Elles bør det takast omsyn til personlege forhold hjå den sikta, t.d. høg alder, sjukdom, omsorgsplikter m.m.

Til vanleg bør ein ikkje melde frå når den pågripne er over 18 år og er så rusa at det ikkje er mogleg å få eit klart svar på om det er ynskjeleg med varsling.

- c) Melding kan politiet gje ved å ta kontakt med den personen den sikta peikar ut, eller ved at den pågripne sjølv får høve til å varsle pårørande pr. telefon medan politiet høyrer på.
- d) Det skal gjerast merknad i vakt- eller arrestjournalen om at det er gjeve melding eller at dette er forsøkt. Er det vedteke å ikkje melde frå, skal også dette gå fram av vakt- eller arrestjournalen saman med ei stutt grunngjeving.
- e) Er det vedteke å ikkje melde frå til pårørande eller andre i strid med kva den sikta ynskjer, skal spørsmålet prøvast på nytt seinast kvar gong det har gått 12 timar etter at den fyrste avgjerda vart tatt. Vert det fastsett at det framleis ikkje skal varslast, gjeld krava til grunngjeving i bokstav d ovanfor tilsvarande, og det skal gå fram av vakt- og arrestjournal at vedtaket om ikkje å melde frå er halde oppe.

Dersom det heilt unntaksvis er aktuelt å vente med å gje melding til etter at fristen for framstilling er ute, minner ein om regelen i straffeprosesslova § 182 andre leden andre punktum, som fastsett at spørsmålet om manglande melding skal leggjast fram for retten fyrste gongen den pågripne vert framstilt.

Ein minner elles om at ein utanlandsk statsborgar som vert pågripen, skal gjerast kjent med at han har rett til å be om at vedkomande konsulære stasjon vert varsla, men ikkje om varslinga kan vere til skade for etterforskinga, jf. påtaleinstruksen § 5-12.

Ein understrekar også at pågripingar utløyser ei særleg aktivitetsplikt i etterforskinga. Ved planlagde pågripingar kan spørsmålet om utsett melding av omsyn til etterforskinga med fordel drøftast og avgjerast før tvangsmidlet vert sett i verk.

2. Kontakt med advokat

Etter straffeprosesslova § 94 fyrste leden har den sikta rett til å få hjelp av ein forsvarar etter eige val på alle steg i saka. Denne retten skal den mistenkte etter påtaleinstruksen § 8-1 andre leden gjerast kjend med før avhøyr, jf. også påtaleinstruksen § 8-4.

Retten til å få hjelp av forsvarar på alle steg i saka inneber også at den sikta får høve til å varsle ein advokat om pågripinga.

Følgjande retningsliner skal følgjast:

- a) Ein førespurnad om å melde frå til advokat bør til vanleg etterkomast snarast råd og seinast 2 timar etter at den pågripne har kome til politistasjon eller lensmannskontor. Kjem den pågripne inn etter kl. 22.00, vil det vanlegvis vere nok at det vert gjeve høve til å gje melding morgonen etter.
- b) Føremålet med å gje den sikta høve til å kontakte advokat, er i fyrste rekkje å gjere det mogleg for han å melde frå til advokaten om pågripinga. Til vanleg er den mest praktiske framgangsmåten truleg at politiet, etter å ha forsikra seg om at det er den ynskde advokaten som svarer på førespurnaden, overlet til sikta å samtale direkte og ukontrollert med advokaten. Om turvande kan samtalelengda avgrensast tidsmessig, og meir omfattande rådgjeving eller drøftingar utsetjast til ordinær kontakt mellom forsvararen og den sikta kan koma i stand, jf. straffeprosesslova § 186 fyrste leden som bestemmer at den som er pågripen eller fengsla, har rett til ukontrollert skriftleg og muntleg samkvem med den offentlege forsvararen sin.
- c) Om advokaten som den pågripne ynskjer ikkje er tilgjengeleg, vil det til vanleg vere tilrekkeleg å leggja att ein beskjed ved kontoret hans om pågripinga og ynskjet om kontakt.
- d) Den sikta har rett til fritt val av forsvarar, jf. straffeprosesslova § 94 fyrste leden, om det ikkje er fleire sikta i saka som har motstridande interesser, jf. straffeprosesslova § 95 siste leden. Politiet må ut frå dei faktiske opplysningane i saka vurdere om det er motstridande interesser, og om fleire sikta difor ikkje bør ha same forsvarar av omsyn til etterforskinga. Ved usemje må spørsmålet leggjast fram for retten så snart som mogleg.
- e) Det skal gå fram av vakt- eller arrestjournalen at førespurnad frå den sikta om å melde frå til advokat, er etterkome eller prøvd etterkome.

3. Kontroll

Påtalemakta i alle ledd har eit ansvar for at reglane i punkt 1 og 2 ovanfor vert etterlevde. Statsadvokaten må i samband med inspeksjonar kontrollere at politidistriktet følgjer føresegnene og at distriktet har ein effektiv internkontroll for å sikre at det ikkje skjer brot. Det må gå fram av inspeksjonsrapporten at slik kontroll har funne stad. Får statsadvokaten opplysningar om at føresegnene er brote, skal han straks undersøkje saka.

X. VARETEKTSFENGSLING AV RESIDIVISTAR

Riksadvokaten har i fleire år lagt stor vekt på å motarbeide ”kvardagskriminalitet”, ikkje minst vinningskriminalitet, jf. m.a. dei siste mål- og prioriteringsrundskriva. Eit av fleire viktige verkemiddel for å motarbeide denne kriminaliteten, er aktiv og målretta bruk av kortvarig varetekt av dei mest aktive tilbakefallsforbrytarane. Dette har fått samla oppslutnad frå politisk hald. Justisdepartementet uttala i Ot. prp. nr. 81 (1999-2000) at departementet var samd med riksadvokaten i at ”varetekt bør nyttas aktivt i kampen mot den gjentatte vinningskriminaliteten” (side 12 andre spalte).

Justiskomiteen understreka i Innst. O. nr. 45 (2000-2001) at komiteen har gjeve ”entydige signaler om ønske om økt bruk av varetekt mot gjengangerkriminalitet” (side 2). Komiteen uttalte vidare (same staden):

”Komiteen mener fare for nye voldshandlinger er et klart kriterium for bruk av varetekt, og at dette er et viktig virkemiddel for å stoppe voldsutøvere i en tidlig fase.

Komiteen merker seg Riksadvokatens uttalelse om at politi- og påtalemyndighet i forhold til en kjerne av meget aktive vinningskriminelle, og likeledes overfor personer som repeterende begår mindre alvorlige voldshandlinger, har sett behov for økt bruk av varetekt.”

Komiteen tok til orientering riksadvokaten si tilråding om ikkje å utvide lovheimelen for fengsling av residivistar fordi gjeldande regelverk vart sett på som godt nok, men la til grunn at:

”Riksadvokatens intensjon om økt bruk av varetekt overfor de grupper han nevner blir fulgt opp innenfor gjeldende regelverk.

Komiteen understreker at selv om det er full enighet om økt bruk av varetekt overfor gjengangere, har det vært et ønske om å redusere antall varetektsdøgn ved raskare straffesaksbehandling og om at belastningen for varetektsinnsatte med restriksjoner må begrenses så langt som mulig.”

Varetekt må framleis nyttast aktivt mot dei mest iherdige tilbakefallsforbrytarane. Pågriping og framstilling for fengsling bør regelmessig vurderast i forhold til denne gruppa. Det må arbeidast for å få dom i saka så raskt som mogleg, helst innan utgangen av den fyrste fengslingsperioden. Ei god hjelp i arbeidet mot denne typen kriminalitet vil vere bruk av kortvarig varetekt, kombinert med auka straffenivå for vinnings- og valdsbrotsverk.

Som Justiskomiteen understrekar, er det ikkje nokon motsetnad mellom det som her vert sagt om aktiv bruk av varetekt i høve til tilbakefallsforbrytarar og ynskjett om generelt å redusere bruken av varetekt. For tilbakefallsforbrytarar er det tale om svært korte varetektsperiodar og direkte overføring til soning. Dei for lange varetektsperiodane finn ein til vanleg i heilt andre sakstypar, og skuldast då særleg for dårleg framdrift i etterforskinga og lang behandlingstid i domstolane. Dette må løysast gjennom god saksframdrift i alle ledd. På dette området er det gjort mykje godt arbeid i den seinare tida.

Tor-Aksel Busch

Knut H. Kallerud
førstestatsadvokat

Johan Kr. Øydegard
statsadvokat